

## **LTU – SØKNAD** - Eigenandel 50 kr pr veg. 100 kr t/r

Stad kommune søker og om ein pott med penge som skal gå til transportstøtte til større ungdomsarrangement i Stad kommune.

(Det vil variere kor mykje ein har i potten og kor langt det rekk so her er det først til mølla som gjeld)

Kven kan søkje: ungdommar, lokale lag/ org. og andre som skal arrangere ei større samling for målgruppa ungdom 13 – 19 år i Stad kommune.

Hovudregel ved bruk av LTU midlar:

Kriteria for å kunne søkje:

- rusfritt arrangement som har tilstrekkeleg med vakter / trygge vaksne.
- vere ope / inkluderande for alle i aldersgruppa 13 – 19 år.
- uavhengig av tru, livssyn, identitet eller bakgrunn.
- arrangementet må vere i stad kommune og skyssen gjeld innan for kommunegrensene.

Ein bør søkje i god tid før arrangementet. og seinast 2 veker før arrangement dato.

SØKNADSSKJEMA finn du på [www.stad.kommune.no](http://www.stad.kommune.no) SØK LTU

Ein kan ikkje søkje om støtte til elevkveldar, konfirmasjonssamlingar eller andre arrangement som er for ei bestemt gruppe.

### **Marknadsføring**

Ungdomsrådet, sakshandsamar og alle som nyttar LTU tilbodet har ansvar for å marknadsføre tilbodet for målgruppa.

Sakshandsamar for LTU har ansvar for:

- sende inn ein årleg søknad og rapport til Vestland fylkeskommune.
- (saman med og vedtatt av ungdomsrådet)
- å ha tilgjengeleg og oppdatert info om LTU og kva midlane kan nyttast til på Stad kommune si heimeside.
- Dialog med transportordningar i kommunen, ungdomsklubbar og andre involverte.

Ta kontakt på om du har spørsmål